



Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 Oslo

Dato: 29.09.2022

Vår ref: 22/02716-2 JZM

Dykkar ref: 22/1469

Høring av endringer gravplassloven om digital gravferdsmelding mv.

Vi takkar for dykkar brev dagsett 23. juni og for høvet til å gje ein uttale om endringar i gravplasslova. Bjørgvin bispedømeråd har merknadar til to av kapitla i høyringa.

Kap. 7

Vi meiner det er ein styrke med klare reglar knytt til sambuarskap, dette vil vera til hjelp for familiane.

Kap. 9

Departementet foreslår å ta ut krav om kommunal tilslutning i § 4. Dette blir grunngjeve med at ein del vesentlege endringar ikkje har relevans for kommunen som styresmakt for byggsaker og plan/regulering. Vi synest forslaget er fornuftig.

Det er likevel ei problemstilling som regelverket ikkje nemner, og som bør vera med: Anten gravplassen blir forvalta av kyrkjeleg fellesråd eller kommunen, vil vesentleg endring ha konsekvensar for kyrkjebygget og kyrkjebygget sine omgjevnader i dei mange tilfella der gravplassen er ein «kyrkjegard» som ligg rundt og ved kyrkja.

Vi meiner difor følgjande forslag til regeltekst eller ei formulering med same rettsverknad bør takast til følgje:

*Anlegg, utvidelse eller nedleggelse av gravplass og bygninger på gravplass kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra statsforvalteren. Annen vesentlig endring av gravplass og bygninger på gravplass kan ikke skje uten etter tillatelse fra statsforvalteren. Statsforvalteren kan sette vilkår for tillatelsen. **Tiltak som nevnt over, krever tilslutning fra biskopen der gravplass er del av kirketomt.***

Med helsing

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Jens Zeuthen Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Barne- og familiedepartementet

Postboks 8036 Dep 0030 Oslo